




KLEPP KOMMUNE



**IKT-PLAN
FOR ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE
2017 – 2022**

IKT-PLAN FOR ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE 2017 – 2022

DEL 1: OM BARN OG UNGE OG FRAMTIDA - GRUNNLAGET FOR PLANEN.

Styringsdokumenta for både barnehage- og skulesektoren legg vekt på digital kompetanse inklusive nettveit som grunnleggjande ferdigheit. Det samfunnet barn og unge skal leva i, set krav til digital kompetanse for eiga, individuell del. Dei møter også krav om at dei skal kunna bruka digitale hjelpemiddel og digital teknologi i arbeids- og samfunnsliv. Digitalisering vil vera ei sterk drivkraft i samfunnsutviklinga framover.

Derfor må den digitale satsinga i barnehage og skule i Klepp innebera både ei styrking og ei forandring i barn og unge si læring. Det er ikkje nok å tilpassa til det eksisterande.

Barn og unge i Klepp skal rustast for framtida. Dei skal både utvikla sine potensiale og bidra til eit betre samfunn. Ei framtid utan ytterligare digitalisering er nærast utenkjeleg. Barn og unge må ha naudsynt digital kompetanse. Dei må også ha sunne haldingar til konstruktiv og kritisk samhandling og bruk. Digital dømekraft må derfor vera ein del av opplæringa. Barn og unge må også førebuast på at ei framtid med stadig teknologisk utvikling vil gje både usikkerheit, arbeidsløyse og omstillingar. Nye yrke vil ble skapte, medan andre vil døy bort.

Denne planen har to siktemål. Det eine er å leggja føringar for barn og unge si opplæring. Det andre siktemålet er å leggja føringar for dei teknologiske prioriteringane framover.

Planen byggjer på desse grunnlagsdokumenta:

- Stm 24 (2012-2013) Framtidens barnehage
- Kunnskapsdepartementet sitt «Temahefte om IKT i barnehagen»
- Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner (KS)
- Stm 27 (2015-2016) Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet.
- Stm 17 (2015-2016) Tid for lek og læring
- IKT-plan for barnehagane og skulane i Klepp kommune 2013-2016
- NOU 2015:8 Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser.
- Monitor Barnehage 2015. Status for den digitale tilstanden i norske barnehagar.
- Monitor Skole 2016. Status for den digitale tilstanden i norsk skule.
- Digitaliseringsstrategi for Klepp kommune (høyringsutkast pr 25 april 2017)
- Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige didaktiske kompetanse. IKT-senteret 2017.

Det er på gang eit digitalt taktskifte i barnehagen og skulen i Klepp. Frå 2017 blir det teke i bruk læringsbrett i eit større omfang. Målet er at alle elevane i Kleppskulen innan 2018 skal ha sitt individuelle læringsbrett. Også i barnehagen og kulturskulen aukar bruken av læringsbrett. Siktemålet med denne ikt-planen er å støtta opp om og gje vidare retning for den digitale satsinga fram til 2022.

Barn og unge i Klepp skal oppleva at digitale verktøy motiverer og gjer variasjon og støtte for vidare læring. I barnehagen skal læringsbrett støtta lek, læring, undring og kreativitet. I grunnskulen skal læringsbrett brukast av alle elevar, i alle fag, i alle klassar og på alle skular. Dette krev ei endring også av vaksne sine måtar å driva opplæring på.

DEL 2: MÅL FOR SATSINGA PÅ DIGITAL KOMPETANSE FOR BARN OG UNGE I KLEPP

2.1. MÅL FOR BARN OG UNGE SI LÆRING

Barn og unge i Klepp skal utvikla digital kompetanse. Digital kompetanse er ferdigheiter, kunnskap, kreativitet og haldningar som trengst for å kunna bruka digitale verktøy og digitale medier for meistring og læring. Digital kompetanse føreset at barn og unge har grunnleggjande digitale ferdigheter.

- I barnehagen skal barn oppleva og gjera erfaringar med ikt som kjelde til lek, undring og utforsking.
- I skulen skal elevane læra å bruka digitale verktøy, mediar og ressursar for å løysa teoretiske og praktiske oppgåver, innhenta og behandla informasjon, utvikla kreativitet, skapa digitale produkt og kommunisera med andre.
- Barn og unge i Klepp skal utvikla digital dømekraft og sunne strategiar for nettbruk.
- Barn og unge i Klepp skal læra om korleis nettbruk kan kombinerast med sunn livsstil, god helse og fysisk aktivitet.

2.2. MÅL FOR FORELDRA SI STØTTE TIL LÆRING

Foreldre til barn og unge i Klepp har ansvaret for læringa til sitt barn og til sin ungdom. Dermed må foreldre i Klepp oppmodast til å delta aktivt i den digitale læringa. Føresetnaden for dette er at foreldre blir reelt involverte og får tilstrekkelig kompetanse.

- Alle foreldre i Klepp skal ha tilgang til barnet/eleven sitt arbeid og sine produkt.
- Alle foreldre i Klepp skal oppleva at barnehagen og skulen gir tilbod om kompetanse slik at foreldre kan støtta sitt barn i den digital læringa.

2.3. MÅL FOR BARN OG UNGE SITT DIGITALE LÆRINGSMILJØ

I barnehagen er det barna sin nysgjerrighet og undring som dannar utgangspunkt for vidare leik, informasjonssøk og produksjon. Ulike typar programvare kan brukast som ein del av leiken og gje støtte i læring og skapande verksemd.

Kvar elev i Kleppskulen skal ha sitt eige læringsbrett. Læringsbretta og det digitale miljøet skal brukast som grunnleggjande kjelder til motivasjon, leik, utfordring, undring, produksjon og læring. Barn og unge skal oppleve at læringsbrett og det digitale læringsmiljøet elles er i daglig, aktiv bruk i opplæringa. Også andre verktøy som robotar og digitale tavler skal vera ein del av læringsmiljøet.

- Digitale verktøy skal vera i dagleg bruk og vera ein integrert del av læringsmiljøet.
- Barn i barnehagen skal møte eit læringsmiljø med digital utrusting slik rammeplanen skildrar.
- Barna i barnehagen skal ha god tilgang både på læringsbrett og pc`ar.
- Kvar elev i Kleppskulen skal ha sitt eige læringsbrett.
- Læringsmiljø og undervisningslokale skal ha infrastruktur og utstyr som støttar ei moderne, digitalisert opplæring.

DEL 3: PLAN FOR BARN OG UNGE SI LÆRING. KVA SKAL DEI LÆRA?

Det nasjonale ikt-senteret har utvikla www.iktplan.no som ein nettressurs med delar både for barnehage og skule. Nettstaden inneheld også delar for informasjonssikkerheit, kartlegging av praksis, nettvett og barnehage- og skuleutvikling, og ikkje minst ein del med kompetansepakkar.

Denne lokale ikt-planen for 2017-2022 inneheld ikkje oversyn over læringsmål og aktivitetar. I staden blir www.iktplan.no grunnlaget for barn og unge i Klepp si digitale læring. Ikt-plan presenterer også dei forventningane som blir stilte til tilsette og leiarar i etaten. I tillegg kan www.iktpraksis.no nyttast som ei kjelde for god digital praksis i barnehagen og i skulen.

Ikt-plan.no skal være den primære kjelda for utviklinga av barna sin digital kompetanse. Delen som omhandlar barnehage byggjer på rammeplanen. Ikt-plan.no skal også liggja til grunn for korleis personalet skal iverksetja rammeplanen sin intensjonar. Hovudstrukturen baserer seg på desse fire områda:

- Digital kompetanse
- Digitale aktivitetar

- Informasjonssikkerheit
- Kompetansepakker (digital dømekraft og digital kreativitet)

Delen for grunnskulen inneheld mål for elevane si læring etter 2., 4., 7. og 10. trinn. Iktplan.no er strukturert etter kompetansemåla i faga og har også god tilgang til relevant materiell som kan nyttast i undervisninga. Hovudstrukturen baserer seg på desse fire områda:

- Produksjon og opphavsrett
- Søk og kjeldevurdering
- Digital dømekraft
- Kommunikasjon og samhandling

DEL 4: KOMPETANSE OG LEIING OG IMPLEMENTERING

Kvar einskild vaksen sin relasjonelle og pedagogiske kompetanse har stor innverknad på barn og elevar si læring. Det gjeld og for digital læring. Dermed er det naudsynt at tilsette i barnehagane og skulane i Klepp både har god digital kompetanse og stadig leitar etter gode måtar å bruka denne kompetansen på.

4.1. KRAV TIL KOMPETANSE FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SKULE

Tilsette som arbeider i barnehage og skule skal sikra at barn og elevar får den kompetansen rammeplan og læreplan føreskriv. Leiarar skal sjå til at dette skjer. Heftet "Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige didaktiske kompetanse" (IKT-senteret 2017) blir brukt som grunnlag for lærar både i barnehage og skule.

Tilsette må derfor ha kompetanse innan

- søking og vurdering av kjelder
- nettvett og personvern
- digital kommunikasjon inkl sosiale medier
- koding/programmering
- bruk av robotar i opplæringa

Dei tilsette i etaten må i tillegg ha slik kompetanse knyta til barn og unge si digitale læring:

- Didaktisk kompetanse, slik at digitale verktøy blir naturleg integrert i personalet si planlegging, gjennomføring og vurdering av lek og læring
- Leiing av barn og elevar i digitale prosessar, slik at kvart barn og kvar elev får støtte i si danning og læring og får utvikla glede og meistring, kreativitet og lyst til å læra
- Leiing av digitale prosessar i fellesskapet, slik at barn og unge samhandlar i eit trygt og utviklande sosialt og kulturelt fellesskap

4.2. PRINSIPP FOR UTVIKLING AV DEI TILSETTE SIN KOMPETANSE

Den barnehage- og skulebaserte opplæringa er grunnlaget for tilsette si kompetanseutvikling. Styrar og rektor har ansvar for at det blir arbeidd med modellering, erfaringsdeling, rettleiing og også ekstern støtte. Fokus skal liggja på korleis IKT og digitale verktøy kan nyttast som ein pedagogisk ressurs og støtta barn og unge i deira læringsarbeid. Digital kompetanse føreset at kvar tilsett stadig utfordrar og utforskar eigen kompetanse.

Prinsippa for dei tilsette sin digitale kompetanse i Klepp er desse:

- Digital kompetanse for tilsette skal koplust til leiing av barn og elevar, til danning og til digital dømekraft, slik den nasjonale planen www.iktplan.no føreskriv.
- Tilsette sin digitale kompetanse skal primært utviklast barnehage- og skulebasert. Kvar styrar og rektor må skapa interne arenaer for kompetanseutvikling og erfaringsdeling der hovudfokus ligg på den pedagogiske og didaktiske bruken av digitale verktøy- og ressursar.
- Tilsette skal oppleva at verksemda har ressurspersonar som kan forklara, modellera og utfordra til stadig betre bruk.
- Leiarar og etatskontor skal leggja til rette for kompetansetiltak og erfaringsdeling gjennom nettverk både internt i kommunen og på tvers av kommunegrensene, t.d. gjennom Jærskulen.
- Kostnadene til kompetansetiltak blir ein del av avdelingane og etaten sine eksisterande rammer, samt tilskot frå staten via Fylkesmannen.

4.3. LEIING OG IMPLEMENTERING

Det er styrar og rektor sitt ansvar å sikra at barn og unge utviklar den digital kompetansen rammeplanen og læreplanen føreskriv. Både gjennom signalisering av forventningar, tilrettelegging av tilsette si læring, etterspørjing og deling av resultat skal leiar utvikla kompetansen hos kvar einskild tilsett. Det er leiar sitt ansvar å få til profesjonsutvikling innanfrå. Avdelinga sine kompetanse- og implementeringstiltak skal byggja på www.iktplan.no. Her finst både rettleiingar, videoar, undervisningsopplegg, kompetansepakkar og kursmateriell. Ressursane omfattar både barnehage og grunnskule, og alt er på nynorsk.

Leiar må periodevis gjennomføra kartlegging av det digitale tilbodet i verksemda. Utdanningsdirektoratet sine ståstadsanalysar kan vera eit verktøy for å få til det. Analyse av status og resultat må følgjast opp både gjennom individuelle tiltak (t.d. medarbeidarsamtaler) og kollektivt gjennom avdelinga sine kompetanse- og utviklingsplanar.

4.4. KOMPETANSESTRUKTURAR PÅ ETATSNIVÅ

På etatsnivå skal dette sikrast:

- ressursar til etter- og vidareutdanning i kompetanse og leiing retta mot ikt/digitalisering slik at både ressurspersonar og leiarar kan delta på etter- og vidareutdanningstiltak
- vidareutvikla nettverket for ikt-ressurspersonar i grunnskulen
- oppretta ordning med ressurspersonar i kvar barnehage
- etablera og drifta eit nettverk for ikt-ressurspersonar i barnehagen
- følgja opp at styrarar og rektorar implementerer ikt-strategiane/satsingane
- ressursar til kompetansetiltak for barnehage og grunnskule gjennom eksterne leverandørar/rettleiingar

DEL 5. PLAN FOR INNKJØP, FORNYING OG SUPPORT/DRIFTING

Det blir rekna med at læringsbrett i gjennomsnitt har ei nedskrivings- og levetid på 5 år.

5.1. PRINSIPP FOR VIDARE SATSING I BARNEHAGEN

- Det blir innført læringsbrett i barnehagane i Klepp til bruk primært for de eldste barna frå 2018. Alle barna skal likevel få digital erfaring slik Rammeplanen krev.
- Det blir lagt til grunn ei dekning på eitt brett for kvar fjerde femåring.
- Kvar pedagogisk leiar skal ha eitt læringsbrett til bruk i pedagogisk arbeid.
- Læringsbrett i barnehagane i Klepp skal støtta leik, aktivitet, undring, kreativitet og allsidig læring.

5.2 PRINSIPP FOR VIDARE SATSING I KULTURSKULEN

- Elevar i kulturskulen nyttar sine læringsbrett også her. Digitale verktøy inklusive læringsbrett skal gje støtte til opplæringa.
- Også arbeids- og læringsformene i kulturskulen vil måtte vera i endring. Lærarar i kulturskulen må nytta dei mulighetene læringsbretta gir i pedagogisk samanheng. Dette føreset kompetanse og læringsbrett for dei tilsette.

5.3. PRINSIPP FOR VIDARE SATSING I GRUNNSKULEN

- Kvar elev i Klepp-skulen skal ha eitt læringsbrett frå 2018.
- Kvar lærar skal ha eitt læringsbrett til bruk i pedagogisk arbeid

5.4 DRIFTSORGANISASJON

Driftsorganisasjonen i planperioden vil i all hovudsak bli uendra. Etaten vil ha to ikt-ansvarlege med samla stillingsomfang på kring 1,5 årsverk. Desse har overordna ansvar for drift av serverar og maskinar; innkjøp og klargjering av maskinar, drifta alt kring sikkerheit og også vurderer og kjøper programvare. Dei ikt-ansvarlege har også ansvar for rettleiing og opplæring av etaten sine rettleiarar på avdelingsnivå. Infrastrukturen i skular og barnehagar er ein del av kommunen sitt samla ansvar.

Sjølv om driftsorganisasjonen blir uendra, føreset denne planen ei styrking av kompetanse- og rettleiingsomfanget i barnehagesektoren og i kvar einiskild barnehage.

5.5. PRINSIPP FOR PROGRAMVARE OG APP'AR

- Det må setjast av midlar til drift og programvare/app'ar for å realisera satsinga på læringsbrett i åra fram til 2022. Det er behov for midlar til ei blanding av programvare, lisensar og drifting, vedlikehald og fornying av serverar etc. Utviklinga skjer raskt og kontinuerleg. Behov og kostnader kan derfor vera vanskelege å stipulera framover i planperioden.
- Læringsbretta skal nyttast mot Office 365. I grunnskulen vil bretta bli utstyrte med nokre få, felles og utvalde app'ar. Showbie vil bli brukt for produksjon, innlevering og vurdering. Barnehagane vil ha behov for andre app'ar. Disse vil også bli felles. App'ane i barnehagen skal fremje utforsking, språk og leik.
- Dei faste utgiftene til programvare blir i hovudsak dekte (som før) gjennom driftsbudsjettet, medan nye behov som oppstår undervegs vil bli dekkja av investeringsbudsjettet. Også i denne planperioden er det ein føresetnad at avdelingane i tillegg kjøper inn program og app'ar på eige budsjett, slik som for andre læremiddel.

Dette oppsettet viser korleis kostnader utanfor investeringar (d.v.s. til drift) i 2018 vil kunna fordela seg på programvare, app'ar, vedlikehald av serverar, Feide-kostnader, anti-virusprogram og nye pedagogiske fellesprogram:

Zuludesk (styringssystem for nettbrett)	Kr.	150.000
Server vedlikehald	Kr	20.000
Feide/Uninett	Kr	10.000
Norman antivirus	Kr	20.000
Showbie ped program	Kr	100.000
Totalt	Kr	300.000

5.6. PLAN FOR INVESTERING OG UTRULLING AV NETTBRETT

Utrullingsplan Læringsbrett		Årstall = investering av læringsbrett på aktuelt fødselsår									
Trinn/sk.år	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25	2025/26
1		2010 -v	2011 -h	2012 -h	2013 -h	2014 -h	2015 -h	2016	2017		
2			2	2	2	5	2	2			
3			2009 -v	3	3	3	?	3	3		
4			2008 -v	2	4	4	4	?	4	4	
5	2005Tu/En	2006 -v	2007 -v	2	3	5	5	5	?	5	5
6		2005 -v	2	2	3	4	2010 -h	2011	2012	2013	2014
7		2004 -h/v	2	3	3	4	5	2	2	2	2
8		2003 -h	2	3	4	4	5	6	3	3	3
9		2002 KLU -h	2003 KLU -h	3	4	5	5	6	7	4	4
10			2	3	4	5	6	6	7	8	5
Lærarar			Alle lærarar	2	3	4	Utsifting brett lærarar - gj.snitt ca 100 brett pr år				
Ped.leiar bhg				Ped.leiar	2	3	4	(Utsifting ped.bhg - gj.snitt ca 20 brett pr år)			
Barnehage				Barnehage	4	5	(Utsifting barnehage - gj.snitt ca 10 brett pr år)				
Kulturskolen				Kulturskolen	2	3	4	(Utsifting ca 5 brett pr år)			
Regnskapsår				2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Gr.lag nye Læringsbrett elevar 64Gb				1194	26	585	584	532			
Gr.lag nye Læringsbrett lærarar 128Gb						60	60	60			
Gr.lag nye Læringsbrett ped.bhg og fagteam 128Gb					105	20	20	20			
Gr.lag nye Læringsbrett barnehage 64Gb				[60+]		10	10	10			
Gr.lag nye Læringsbrett Kulturskolen 128Gb				20							
Totalt antal læringsbrett				1214	131	675	674	622			
Årlig kostnad Office 365				kr 250 000	kr 250 000	kr 250 000	kr 250 000	kr 250 000			
Investering inkl mva				kr 6 320 000	kr 905 000	kr 3 625 000	kr 3 620 000	kr 3 360 000			

Nokre forklaringar til tabellen er desse:

- Utsiftingstakt av læringsbretta på 5 år.
- Elevar på trinn 1 og 6 får nye brett same året. Etter dei store utrullingane i 2017 og 2018 er vi i utakt i forhold til denne standarden. Ein vil derfor måtte godta både kortare og lengre nedskrivning av bretta i ein periode.
- Lærarane fekk sine brett i 2016/2017. Ein må etter kvart skifte ut ca 60 av desse årleg.
- Pedagogisk personale i barnehagane skal ha tilgang til læringsbrett. Pr 2017 er det ca 90 ped leiarar og 15 tilsette i fagteamet. Ein må om nokre år fornya med ca 20 brett kvart år.
- Barn i barnehagen skal ha tilgang på læringsbrett, eit brett for kvar fjerde femåring. 60 relativt nye brett frå 10. trinn i ungdomsskolen blir ført over til barnehagane i 2018.
- Kulturskolen får læringsbrett til 20 lærarar. Dei er sett opp på investeringa for 2018.
- Utgifter knytt til faste lisensar og program bør takast inn i driftsbudsjettet til kommunen og ikkje vera ein del av investeringa.
- Kjøp av appar som skal nyttast i undervisninga er kjøpte frå investeringsbudsjettet. Mange av dei viktigaste appane er allereie kjøpte inn felles av kommunen. Nokre "kjerneappar" skal vera felles for alle og dekkja dei viktigaste pedagogiske områda. Dersom det er spesielle ønske om innkjøp av andre appar frå den einskilde avdelinga, vil ein bestilla det via MDM-systemet og senda rekning til avdelinga.

5.7. INVESTERINGSBEHOVET I ÅRA FRAMOVER

Investeringsbehovet i forhold til denne ikt-planen blir i åra framover slik:

2018	2019	2020	2021	2022
6.3 mill	0,9 mill	3,6 mill	3,6 mill	3,4 mill

Kleppe, 22. august 2017

Arne Tveranger
Tor Åge Risnes
Trude Evjen
Sigurd Aukland